

Tur nr 05 Rebni og Rebnisli



Utsyn over Skjolden, Mørkridselva og Haugsgardane frå Rebnisvegen

Utsiktstur forbi høgdegardane Flaten, Skåri og Rebni til stølen Rebnisli. Flott utsyn mot Skjolden, Lusterfjorden og delar av Mørkridsdalen. Traktorveg til Rebni. Sti vidare.

Tid: 4 timar. (Total gangtid tur-retur)
Høgde: 20 - 575 moh
Lengd: 6 km tur - retur
Kart: Mørkridsdalen 1418 II(1:50000), eller Breheimen (1: 100 000)
Postar: På haugen bak stølshusa
Merking: O-merka sti



Allereie når vi passerer garden Heltne berre nokre hundre meter frå startpunktet vårt, får vi godt utsyn mot Lusterfjorden og delar av Skjolden. Dette utsynet blir berre betre og betre etter som vi arbeider oss oppover mot fjellet.

Vi passerer Flaten. Som namnet seier ligg garden på ei hylle i fjellet. Garden vart fråflytt i 1976, og har ikkje vore i drift sidan.

Lenger oppe ser vi frå vegen ned på garden Skåri (biletet til høgre) med mange gamle bygningar. Garden har fått namn etter fjellkløfta vest for gardshusa. (Høgare oppe ligg ein støl med same namn.)

Skåri har hatt mange eigarar, og var ei tid del av Sørheimsgodset

Frå 1757 har bøndene i Skåri vore sjøveigarar. I byrjinga av 1900-talet vaks det opp 11 barn på den vesle høgdegarden. Gardsdrifta vart lagd ned i 1960. Frå 1974 til 1993 var garden utan fast busetnad. I 1993 vart det bygd ny veg til gards, og Skåri vart busett på nytt. I 2000 skifte garden på nytt eigar, og eit større restaureringsarbeid vart sett i gang. Målet er å reataurerar eller byggja oppatt alle hus som har vore på garden.

Av dei fire gardane i dette området, er det no berre Skåri som har fast busetnad.

Garden Rebni (Ramnesletta) ligg på 370 m.o.h. Frå Rebni ser ein tydeleg stølane på andre sida av dalen: Persli, Gurosete og Osen.

Rebni og Skåri har heimestøl på Rebnisli, som er endepunktet for turen vår. Høgare opp i fjellsida har dei vårstøl på Skåri, og fjellstøl (sommarstøl) på Myrasete.


Høgspenninga frå Fardal til Fortun går over Rebnisli. Lina har ei spenning på 300 000 volt.

Turen til Rebnisli, kan om ein vil, forlengjast til stølen Skåri, og vidare til toppen av Bolstadnosi (Gjerseggnosi) 1000 meter over havet, og med flott utsyn over Lusterfjorden mot fjellet Molden.

Parkering:

Ta av frå riksveg 55 i Skjolden. Køyr mot Mørkrid. Parker ved vegkrysset med Bolstadvegen 1 km frå Skjolden sentrum.

N 61°30' 15" E 07°36'39"
Sone 32 N 6819733 E426063



Vi ønskjer Dykk ein hyggeleg tur!
Skjolden Aktiv og IL Fanaråk

Tekst: Foto-Utforming: Vetne Vision
vetne@post.com